

SPRÅKRÅDET
Postboks 1573 Vika
0118 OSLO

Dato: 09.05.2025
Vår referanse: 2025/1447-1
Sakshandsamar: Åsne Skjøtskift Øygarden


Vegnamn i eit hytteområde og bustadområde på Haddland i Vinje kommune

Vinje kommune sender framlegg til tre vegnamn for uttale om skrivemåte: *Djupedalsvegen*, *Ævongsli* og *Vesthaddin*.

Det trengs tre nye vegnamn ved reguleringsplanane Nordtunlii og Nordtunbakkane på Haddland i Vinje kommune. Grunneigar (i samråd med bebuarar) sine framlegg til vegnamn er lista opp i tabell 1. Vegane brukar i dag adressenamnet Totakvegen, men det kjem nye einingar som medfører behov for fleire namn.

Tabell 1.

Kartutsnitt (sjå figur 1)	Grunneigar sitt framlegg til vegnamn	Kommentar
Raud strek	<i>Djupedalsvegen</i>	<i>Djupedalsvegen</i> er namnet på eit veglag. Grunneigar opplyser at dette namnet har vore bruka som eit uoffisielt namn på denne vegen i lang tid.
Svart strek	<i>Ævongsli</i>	Litt nord for bustadane ligg det ei myr med namnet <i>Ævongsmyri</i> . Det namnet er allereie bruka i eit anna adressenamn i nærleiken. Eitt av husa er frå gammalt av kalla <i>Ævongsli</i> , og vegen kan få dette namnet.
Blå strek	<i>Vesthaddin</i>	Hytteområdet heiter <i>Vesthaddin</i> .



Figur 1. Kartutsnitt reguleringsplanar.

Med helsing

Åsne Skjøtskift Øygarden

rådgjevar plan

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
SPRÅKRÅDET